



**VIL INN ATT PÅ
FYLKESTINGET**



DU AVGJER!



Åge Eitungjerde (37)
sjukepleiar
Balestrand

Tettstadutvikling og allsidig næringsgrunnlag

Balestrand er meir enn turisme. Eitungjerde vil arbeide for heilårs arbeidsplassar som produserer noko. Ingen andre politikarar tør å seie frå når til dømes Balestrand Vekst pøser ut pengar på eit vikingsenter som berre vil gje ein arbeidsplass.

Byggeskikk og tettstadutvikling er eit anna interesseområde. Mykje verneverdige hus står i vegen for «utviklinga» i Balestrand, og RV vil kjempe for ein annan retning på tettstadutbygging enn til dømes i Førde.

Det er på tide at RV får sin første kommunerepresentant i Balestrand.



Marit Slettevold (30)
sjukepleiar/bondeleiar i Naustdal bonde- og småbrukarlag, studieleiar i fylket.
Naustdal

Bygdene skal overleve

Slettevold er mest oppteken av at busetnaden i distrikta skal oppretthaldest, og meiner at kampen mot EF har svært mykje å seie både for lokalsamfunnet og lokalpolitikken. Dersom bygdene skal overleve må kommunen vere i forkant av det som skjer.

Som kommunepolitkar vil ho og kjempe for eit offentleg tilbod til barn og ungdom, og prioritere helse/sosial høgt. Når det gjeld kommunale saker har RV mykje samanfallande syn med SV. Likevel er det viktig å få inn ein RV-representant i Naustdal — det mangla berre 13 røyster forrige gong!

Oddveig Lyngstad og Magnar Falkenstein

Toppkandidatane på fylkestingslista

Raud Valallianse tør å ta upopulære standpunkt - mot rasisme, for miljø. Til dømes går vi imot gasskraftverk, noko vi sikkert misser røyster på. Men miljøet er overordna alt anna, det er Magnar Falkenstein og Oddveig Lyngstad einige om. Dessutan er vi snart dei einaste som tør å snakke om sosialisme, tør å kalle oss eit sosialistisk parti. Til og med SV har svikta sosialismen og går meir og meir i retning av Ap og sosialdemokratiet.



Førstekandidaten på RV si Fylkestingsliste i år er godt kjent i fylket som tidlegare leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag. I tillegg til garden i Vevring arbeider han som

lærer. Og han er ihuga EF-motstandar.

—Veit du kva tyskarane kallar Norge? «Rekreasjonsområde Nord»! Det er det vi kan bli, dersom ein slepper

turismen laus og vi i tillegg vert medlem av EF. Det vil seie, når mesteparten av jordbruket er lagt ned, og alle bygdene på Vestlandet er grodd igjen, vert det kanskje ikkje so attraktivt å vere turist her lenger....

Oddveig Lyngstad, skuleelev frå Jølster, er og aktiv i Nei til EF-rørsla.

—Ungdom er opprørarar, dei er aksjonsretta. Organisasjonar er ikkje «in» lengre, ungdom engasjerer seg heller i enkeltsaker, som Nei til EF og miljøvern. Eg meiner det er viktig å sette miljøet på dagsorden også lokalt. Sjå berre på samferdsla i fylket.

RV går inn for at grender som ikkje har veg skal få det. Men store bompengeprosjekt som Sunnfjordtunnelen og kyststamvegen, forutsett trafikkauke, og dei går vi imot. I første rekke på grunn av miljøet, men vi meiner og at desse pengane betre kan nyttast til vegar i utkantane, for å oppretthalde busetnaden.

Men samferdsla er meir enn veg, påpeikar Falkenstein. Kollektivtrafikken i Sogn og Fjordane vert dårlegare og dårlegare. Der går vi inn for ei kraftig auke. Samstundes meiner vi det er hol i hovudet at ekspressbussen køyrer parallelt med toget frå Gol til Oslo.

Fylkesbåtane vil legge ned frakterutene og legge tungtransporten på land, dei påstår det er meir miljøvennleg. Falkenstein vil heller satse på fornying av båtparken til maskiner som ureinar mindre.

Det er mange uløyste oppgåver innafor samferdsle og helse/sosial, seier Lyngstad. Her må ein kunne sette inn mange av dei arbeidsledige. I staden vert dei sende på all slags merkelege kurs som ikkje gjev kompetanse. Helse- og sosial er ein annan tung post i budsjettet til Fylkeskommunen. Dersom det vert vedteke at sjukehusa i Florø og Eid skal leggest ned, skal vi syte for at det ikkje går smertefritt, seier dei to RV-arane. Det vil forresten florøværingane og eidingane sjølv gjere, ler Falkenstein.

Men vi trur ikkje på dei som seier at det ikkje finst meir pengar, når vi veit at oljemiljødane vert sylta ned. Vi krev større overføringar frå staten til fylke og kommunar. Styresmaktene må vere viljuge til å bruke oljemilliardane på uproduktive sektorar.


Dessutan er RV imot trygdemisbruk, seier Lyngstad. Vi trur ikkje folk flest misbrukar trygdesystemet. Det er styresmaktene som skaper misbrukarar. Vårt mål er iallefall at færrest mogeleg skal vere trygda.

Dersom Falkenstein kjem inn på Fylkestinget, vert han ingen møteplagar. Der vil han følge stilen til Rysjedal med å vere grundig, seriøs, eit tale-røyr for organisasjonar og vanlege folk. I det heile er han oppteken av at folk sjølv må gjere noko. Sjå på aksjonen for kulturbåten Innvik! Folk må aksjonere og kjempe sjølv, slik dei har gjort for sjukehuset i Florø. So skal RV-representanten tale deira sak på Fylkestinget. Falkenstein lover å la høyre frå seg ofte på talarstolen. «Det er ikkje min stil å halde kjeft!» Som bonde og tidlegare leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, er Falkenstein oppteken av jordbruket sine vilkår. Her har fylket ikkje so mykje dei skulle ha sagt, men han tykkjer Fylkeskommunen må ta meir initiativ når det gjeld aktuelle jordbruks-spørsmål. Eitt eksempel er Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland. I det heile bør Fylkeskommunen jobbe meir for økologisk jordbruk, mellom anna ved å styrke øko-lina ved Mo jordbruksskule.

Det er jordbruk og fiske som held bygdene oppe. Difor vil eg kjempe imot all sentralisering. Det er viktig med eit desentralisert jordbruk, eit samfunn vert veldig sårbart om matproduksjonen vert lagt ned. «Ein nasjon som ikkje greier å brødfø seg sjølv er ingen nasjon», var det ein som sa. Og då er Magnar Falkenstein og Oddveig Lyngstad attende til spørsmålet om EF. Spørsmålet om det skal bu folk rundt om på bygdene i Sogn og Fjordane. For det er mellom anna det det gjeld, difor er EF lokalpolitikk.

Det var røystene frå heimkommunen Vågsøy som sparka Geir Oldeide inn på Fylkestinget for 4 år sidan, eit valskred som RV aldri tidlegare har opplevd maken til i Sogn og Fjordane. Årsaka var utan tvil den kjempeinnsatsen Oldeide til da hadde gjort som kommunestyrerepresentant, og som han og seinare Einar Rysjedal førde vidare på Fylkestinget.

Kva no? Det avgjer DU. Skal fylkespolitikarane få sitte i 4 år utan ein einaste sosialist, utan ei vaktbikkje som tør å bjefte der andre berre mel? Valet er ditt.



Magnar Wøien (42)
adjunkt sekretær i krinsstyret i
NUFO.
Høyanger

Redd for sosialdemokratidet si klamme hand...

Ein må ta vare på arbeidsplassane utan at det går ut over miljøet. SFT har gjeve Hydro alt for store utsleppskon-sesjonar i Høyanger, det ser ein på den sjuke granskogen. Men kommunen må og skjerpe seg — all kloakk frå tettstaden går framleis ureinsa direkte i sjøen.

Eit skikkeleg tilbod til ungdom i kommunen står høgt på skulemannen si liste. Han vil arbeide for at barne- og ungdomsplanen vert følgd opp mellom anna når det gjeld allaktivitetshus.

Wøien vil halde fram RV si oppgåve som vaktbikkje i Høyanger kommunestyre, og halde auge med disposisjonane som vert gjort.



Knut Solberg (39)
Faglærer, leiar i Bergum Burettslag.
Førde

Bilar ut og skular inn

Alle ungar har krav på eit skikkeleg undervisningstilbod, meiner Solberg. Og det er ikkje naudsynt å sette krinsane opp mot kvarandre, slik det har skjedd i Førde. Heller ikkje å sjalte ut ungdomane i Bregnetunet.

Tilbodet til eldre må og verte betre, Solberg går imot all privatisering og nedskjæring innafor sosialomsorga. Han vil ha meir resirkulering og komposterings framfor ny bossplass eller forbrenningsovn.

Og få bilen ut av Førde sentrum, gjer Førde til ein attraktiv plass å bu.



Oskar Tenden (35)
Bonde, aktiv i Berg Breheimen, styremedlem i Stryn Bonde- og Småbrukarlag.
Stryn

Passe på at kommunen gjer jobben sin

Kommunen kastar bort pengar på stas-prosjekt, til dømes cruisebåt-kai i Olden. Det er ikkje i vanlege folk si interesse so lenge skular, helse/sosial og kommunale anlegg ikkje er sikra økonomisk.

Det er heller ikkje hjelp i å bygge nye skular so lenge det ikkje er pengar til undervisning. Ein kan ikkje krevje idrettsanlegg og skular i kvar einaste bygd, det er berre Sp og KrF som prøver å bløffe seg gjennom valet når dei går inn for det. Tenden trengst i Stryn kommunestyre ein periode til for å passe på at kommunen utfører oppgåvene sine.




Geir Oldeide
(35)
fiskar
Vågsøy

Møteplagar med tillit

Kommunepolitikaren Oldeide fekk RV inn på Fylkestinget i 1987, og skulle vere godt kjent i Vågsøy kommune, der han har vore RV-representant ein periode, frå 1983 til 1987. Kommunale saker fekk ei grundigare handsamig etter at «møteplagaren» Oldeide fekk innpass. Valskredet i Vågsøy under fylkestingsvalet i 1987 seier sitt om Oldeide sin popularitet som politiker.

Han nøyer seg ikkje med å lese saksapira, men kontaktar dei sakene gjeld før han tek stilling.

Etter eit lengre opphald på Island er Geir Oldeide no klar for ein ny 4-årsperiode i Vågsøy kommunestyre.



EINAR RYSJEDAL

Solid, grundig, seriøs. Det er karakteristikken Einar Rysjedal får etter tre og eit halvt år som fylkestingsrepresentant for Raud Valallianse. Han liker ikkje å vere i rampelyset. Likevel har han markert seg godt desse åra. Men noken møteplagar har han ikkje vore, slik RV truga med under forrige valkamp.

—Min stil er nok noko anleis enn Geir Oldeide sin. Eg er strengt sakleg, liker ikkje sirkus. Tykkjer eg har fått bra gjennomslag trass i at eg har opne innlegga mine med «herr Fylkesordførar» istaden for «herr Julius»....

Første fylkestinget Rysjedal var på, skulle Fylkesplanmeldinga drøftast. Der sto det mellom anna at vegstandarden i Sogn og Fjordane var dårlegare enn i resten av landet. RV ville ikkje berre påpeike dette, men meinte at noko burde gjerast med det. Dermed framma vi eit bra forslag som vi fann i Ap sitt program. Ordrett! Vi fekk fleirtal for framlegget — mot FrP og Ap sine røyster! Arbeidarpartiet har nemleg som prinsipp å røyste imot alle våre forslag, uansett.

Elles er arbeidet utanfor fylkesting og kommunestyre viktigare for RV. Vi må heller legge vekt på å reise fagforeiningar til kamp mot budsjettkutt istaden for å file på budsjetta i debattane. Kontakten med skulemiljø, fagforeiningar, bygdelag har vore viktig, slik at eg kunne ta opp deira sak på Tinget. Til dømes var det ein bonde (Sp-mann) som ba meg gjere framlegg om ei fråsegn om GATT — Senterpartiet ville ikkje!

Kva er vitsen med å sitte på Fylkestinget i det heile, da? RV har vel ikkje akkurat fått gjennom so mange saker...

—Det som vert referert frå Fylkestinga i avisene vert betre lagt merke til enn avisinnlegg. Dessuten trengst det einkvann som tenkjer utradisjonelt der. Det trengst nokon utan respekt for dei økonomiske rammene, som tenkjer utradisjonelt og seier «lat oss vere realistiske og krevje det umoglege».